

## **Forskrift om forbod mot bonusprogram i innanriks luftfart**

Fastsett av Fornyings- og administrasjonsdepartementet 20. juni 2007 med heimel i lov 5. mars 2004 nr.12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranseloven) § 14, jf. delegeringsvedtak 16. april 2004 nr. 631

### **§ 1 Forbod mot bonusprogram**

Det er forbode for flyselskap å tilby opptening som del av bonusprogram på ruter i innanriks luftfart.

### **§ 2 Definisjonar**

I denne forskrifta tyder:

- a) Bonusprogram: Ordning der flypassasjerar kan tene opp rett til gode gjennom å gjere reiser med eitt eller fleire flyselskap, med unntak av gode som vert gitt ved ein enkelt eller fleire samtidige reisebestillingar og som ikkje er avhengig av framtidig reisebestilling.
- b) Gode: Pengesum og einkvar type vare eller teneste, medrekna flyreiser, hotellovernatting, leigebil, auka servicenivå, tilgang til bestemte fasilitetar mv.
- c) Innanriks luftfart: Lufttransport av passasjerar mellom lufthamner i Noreg
- d) Rute: Strekninga mellom to lufthamner.

### **§ 3 Fullmakter**

Konkurransetilsynet kan fastsetje nærmare føresegner om gjennomføring og utfylling av forskrifta og kan gjere unntak frå denne.

### **§ 4 Ikrafttreding**

Forskrifta trer i kraft 1. august 2007.